

Katalog

over møbelfabrikkar på Jæren

Oppstillinga under er sett opp i rekkefølge etter når dei vart starta. Dei fleste fabrikkane var representerte på utstillinga i april/mai 2002. Fabrikkane står under dei respektive kommunane. Då ser ein klart at det var nokre bestemte stader på Jæren fabrikkane var lokalisert. Oppstarten var først og fremst på strandstaden Sandnes, men og i Ganddal. I 1920 kom den første fabrikk på Vigrestad.

Det var flest fabrikkar i drift tidleg på 1950-talet. Av 34 fabrikkar var det då 23 i Sandnes og Høyland, 8 i Hå. Her var, og er, Vigrestad møbelsenteret. Det var bare tre fabrikkar andre stader på Jæren. I tida 1915 til 1985 var det meir enn ti møbelfabrikkar på Jæren.

Sandnes

1. MIKELSENS MØBELFABRIKK

1868/69–1968, Strandgt.

Grunnleggjarar: Sven Mikelsen og Tønnes Mikkelsen.

Viktigaste artiklar: Bord, stolar og skap. Tilsette: 16

2. TØNNES MIKELSENS MØBELFABRIKK

1883/85–1897, Langgt.

Grunnleggjar: Tønnes Mikkelsen. Viktigaste artiklar:

Bord og skap utanom dører og vindauer.

Tilsette: 12

3. AASE DREIERI

1884–1980, Ganddal

Grunnleggjarar: Per Olsen Løvaas og Sven Monsen.

Skjæveland. Viktigaste artiklar: Sofabord, skatoller, skrivebord og hjørneskap.

Tilsette: 60–65

4. JØRGEN M. JENSEN MØBELVERKSTED

1895–1950, Langgt.

Grunnleggjar: Jørgen M. Jensen. Viktigaste artiklar:

Skatoller og hjørneskap. Tilsette: 3

5. INGVALD MIKELSEN & CO.

1896–1941, Storgt.

Seinare Sandnes Møbelfabrikk nr. 22, Ole Bullsgt.

Grunnleggjar: Ingvald Mikkelsen. Viktigaste artiklar:

Furumøbler, seinare spisestover. Tilsette: 16

6. BRØDRENE KYLLINGSTADS SNEDKERI

1900–1952, Langgt., flytta til Vågen.

Grunnleggjar: Lars Kyllingstad. Viktigaste artiklar:

Spisestover, bord og benkar. **Seinare firmanamn:**

Tor Kyllingstad. Ny produksjon: Dører og vindauer. Tilsette: 8–10



Anretningskap. Del av spisestove-
møblar laga av Karl Dahle, Sandnes.



Salongbord med dreidde søyler og
underplate. Aase Dreieri, Ganddal,
1950-åra.

Lampebord frå
Aase Dreieri,
1950-åra.



Fotografia til katalogen viser møbler
i privat eige som var på utstillinga.
Fotograf er Ragna Syversen, Jærmuseet,
der anna ikkje er opplyst.



Noko fornorska amerikansk gynge-
stol laga av Stangeland Trevare-
fabrikk, Sandnes, frå tida 1910-
1915. Merk dei fine utskjæringane!



Klaffebord frå Mikkelsens Møbel-
fabrikk, Sandnes, 1930-talet. Klaffe-
bord var eit av dei første produkta
frå Mikkelsens Møbelfabrikk.



Spisestove frå Ganddal Møbelfabrikk.



Stol med utskjæringar i dragestil. Laga
av Bernh. Stavnheim, Vigrestad, 1956.



Salongbord frå Aase Mølle- og Trevarefabrikk, 1950.
Dette skal vera første bordet i Norge som vart levert
flatpakka til kunden.



Høggpolert salongbord frå Gandal
Møbelfabrikk.

7. LUNDEN TREVAREFABRIKK

1900–1986, Stangelandslunden.

Grunnleggjar: Carl Øksnevad. Sven Aarrestad overtok i 1907. Produksjon av hjul og likkister. Likkister var i produksjon til 1986. Møbelproduksjon frå 1946 til 1986: Spisestover, salongbord og seksjonar. Tilsette: 10

8. AASE MØLLE & TREVAREFABRIKK

1901–1967, Ganddal.

Grunnleggjar av møbelproduksjon: Thomas Aase d.e. Viktigaste artiklar: Salongbord, bokreolar og pyntebord. Tilsette: 24

9. STANGELAND TREVAREFABRIKK

1902–1980, Stangelandslunden.

Grunnleggjar: Martin S. Aase. Viktigaste artiklar: Sofabord og benkar til kyrkjer o.a. Tilsette: 15

10. KARL DAHLE MØBELFABRIKK

1903–1955, Langgt.

Grunnleggjar: Karl Dahle. Viktigaste artiklar: Spisestover i eik og salongbord. Tilsette: 8

11. JAKOB ØGLÆND MØBELFABRIKK

1917–1952, Storgt./Eidsvollgt.

Grunnleggjar: Jakob S. Øglænd. Viktigaste artiklar: Spisestover og skolepultplater. Tilsette: 13

12. HANDELANDS MØBELFABRIKK

1918–1968, Ganddal

Grunnleggjar: Ole Handeland. Viktigaste artiklar: Salongbord, soverom og spisestover. Tilsette: 12

13. GANDDAL MØBELFABRIKK

1919–1985, Ganddal

Grunnleggjarar: O. Jakobsen, P. Fjelde, K. Vestly, E. Helland, H. Halvorsen, L. Vetteland og N. Rosland. Viktigaste artiklar: Salongbord, hjørneskap, reolar, spisestover. Tilsette: 45

15. TØNNES MIKKELSENS TREVAREFABRIKK

1921–1922, Stangeland

Grunnleggjarar: Tønnes og Olaf Mikkelsen. Viktigaste artiklar: Hjørneskap og småbord. Tilsette: 7

16. MØBELFABRIKKEN ALLIANCE

1922–1927, Stangeland

Framhald av Tønnes Møkkelsens Trevarefabrikk med Lars Thu som leiar. Viktigaste artiklar: Hjørneskap og skatoller. Tilsette: 10

20. ERNST ØSTVOLD MØBELFABRIKK

1925–1955, Olav Kyrresgt.

Grunnleggjar: Ernst Østvold. Viktigaste artiklar: Finare møbler for stover. Tilsette: 7

21. JÆRENS MØBELFABRIKK

1930–1956, Ganddal.

Grunnleggjarar: A. Skjæveland, H. Kverme og I. Eriksen. Viktigaste artiklar: Møbler for soverom og spisestover, hjørneskap. Tilsette: 22

22. HØLLAND MØBELFABRIKK

1930–1948, Solagt.

Grunnleggjar: Kristoffer Hølland. Viktigaste artiklar: Soveromsmøbler og sofabord. Tilsette: 8

23. SANDNES MØBELFABRIKK

1931–1941, Ole Bullsgt.

Same fabrikk som nr. 4. Nye eigarar: J. og T. Sømme. Viktigaste artiklar: Spisestover i eik og bjørk. Tilsette: 16

25. GANNSFJORD MØBELFABRIKK

1933–1960, Postv.

Grunnleggjarar: K. Bjelland m/fleire. Viktigaste artiklar: Salongbord, lampebord og småbord. Tilsette: 27

27. STANDARD MØBELFABRIKK

1935–1965, Stangeland, Sandnes

Grunnleggjar: Ommund Nygård. Viktigaste artiklar: Soveromsmøbler og skatoller. Tilsette: 18

28. MØBELFABRIKKEN SOLA

1936–1981, Ganddal.

Grunnleggjarar: K. Bjørnsen, B. Bjørnsen, O.J. Ness, R. Skjæveland, E. Skjæveland og O. Laupsa. Viktigaste artiklar: Skrivepultar, salongbord og radio-bord. Tilsette: 42

30. SÆLANDS MØBELFABRIKK

1938–1970, R. Amundsensgt., Sandnes

Grunnleggjar: Ottar Sæland. Viktigaste artiklar: Soveromsmøbler og trehvite furumøbler. Tilsette: 20

32. BRØDRENE SALVESEN MØBELFABRIKK

1939–1955, Lura.

Grunnleggjar: Gustav Salvesen. Viktigaste artiklar: Bokreolar og soveromsmøbler. Tilsette: 10

34. BJULAND TREVAREFABRIKK

1942–1958, Ganddal.

Grunnleggjarar: Trygve og Odd Bjuland. Viktigaste artikkel: Jærstolar. Tilsette: 3

35. BYBERG MØBELFABRIKK

1946–1993, Ganddal.

Grunnleggjar: Lars Byberg jr. Viktigaste artiklar: Salongbord, kyrkjebenkar, treverk til orgler. Tilsette: 10

36. NYLUND MØBELFABRIKK

1946–1981, Ganddal.

Grunnleggjarar: A. Tjensvold, A. Rydell, E. Reve og L. Skjæveland. Viktigaste artiklar: Småmøbler og lysekroner i tre. Tilsette: 6

37. SKJÆVELAND MØBELFABRIKK

1946–1966, Ganddal.

Grunnleggjarar: Sigurd Skjæveland og sønene Håkon og Magnus. Viktigaste artiklar: Hjørneskap, bokreoler og salongbord. Tilsette: 10

40. AUSTVOLL MØBELFABRIKK

1947–1999, Austvoll.

Grunnleggjar: Rolv Austvoll. Viktigaste artiklar: Skatoller, leksepultar og kommodar. Frå 1967 vart det berre produsert skapdører.

41. TREKLØVER

1948–1992, Ganddal.

Enno i drift i Jærvegen 501 på Kleppe, Klepp
Grunnleggjarar: P. Rettedal, E. Eltervåg og G. Krogedal. Viktigaste artiklar: Barnesenger, barnestolar, stellebord og leikegrindar. Tilsette: 10 i dag 4



Jærstol i eik med utsvingbare armlener. Laga av Klepp Trevare under siste verdskrig. Sete er bunde av papirtau! Denne fabrikk laga stort sett bare møblar under krigen.



Barnestol frå Trekløver, Ganddal.



Frå utstillinga. Fremst eit sybord laga ved Aase Dreieri ca. 1905 og ein såkalla amerikansk gyngestol frå same fabrikk. Foto: M. Grimstvedt, Jærmuseet.



Salong: sofa og fire stolar – laga av Peder Helland, Bryne. Salongbordet med dreidde søyler fra Aase Dreieri. Bak i bildet, i midten, er ei spisestove frå Bryne Møbelfabrikk.



Spisestove frå Jærens Møbelfabrikk, Ganddal.



Gyngestol med stoppa sete og rygg. Ingvald Hetland Møbelfabrikk, Vigrestad, 1950.



Anretningsskap. Del av spisestove laga av Aarslands Møbelfabrikk, Vigrestad, 1930.



Salongbordet «Flintstone» frå Møbelfabrikk SOLA i 1971.

14. BERNHARD STAVNHEIM
1920–1959, Vigrestad.
Grunnleggjar: Bernhard Stavnheim. Viktigaste artiklar: Spisestover og soveromsmøbler.
Tilsette: 4

17. STUELAND TREVAREFABRIKK
1922–1950 ca, Varhaug.
Grunnleggjar: J. T. Stueland. Laga møbler i ein kortare periode. Ennå i drift som fabrikk for dører og vinduer. Nå under namnet Uldal Vinduer og Dører.

18. AARSLAND MØBELFABRIKK
1923–enno i drift, Vigrestad.
Grunnleggjarar: Brørne J. Og E.J. Aarsland. Viktigaste artiklar før 1983: Soveromsmøbler og skrivebord. Etter 1983: Kontormøbler.

29. INGVALD HETLAND MØBELFABRIKK
1936–1960, Vigrestad.
Grunnleggjar: Ingvald Hetland. Viktigste artiklar: Salongbord, senger, stopte sofaer og lenestolar.
Tilsette: 40

31. SKRETTING OG BERLAND
1938–1957, Varhaug.
Grunnleggjarar: Magne Skretting og Konrad Berland
Viktigaste artiklar: Spisestover, soveromsmøbler, salongbord.
Tilsette: 6

33. HAALANDS MØBELFABRIKK
1939–1956, Vigrestad.
Grunnleggjarar: Olav Haaland, Mikkel H. Haaland, Torleiv Haaland og Malvin Haaland.
Viktigaste artiklar: Salongbord, bokreolar og spise-stover.
Tilsette: 18

38. TJEMSLAND MØBELFABRIKK
1946–1961, Varhaug, Hå
Grunnleggjarar: Hans Haaland m/fleire.
Viktigaste artiklar: Salongbord, reolar, hjørneskap.
Tilsette: 11

39. HAUGSTAD TREVAREFABRIKK
1946–enno i drift, Vigrestad.
Grunnleggjar: Johan Haugstad.
Viktigaste artiklar før 1975: Salongbord, skrivepultar og radioskap.
Etter 1975: Spesialinnreiingar til butikkar. Seinare også innreiingar til skolar og tannlegar.
Tilsette: 16

43. MELLESTRAND TREVAREINDUSTRI
1948–1991, Vigrestad.
Grunnleggjarar: Ingvar og Nils Mellemstrand. Nils eineeigar frå 1951.
Viktigaste eksklusive artiklar i samarbeid med Bruksbo: Barskap, vitrineskap, salongbord, småbord og aviskorger.
Tilsette: 16

Time	
19. PEDER HELLAND MØBELFABRIKK 1924–1960, Bryne. Grunnleggjar: Peder Helland. Viktigaste artiklar: Soveroms– og spisestovemøbler, stoppa møbler. Tilsette: 10	24. BRYNE MØBELFABRIKK 1931–1950, Reevegen, Bryne Jadarland Møbelfabrikk. Grunnleggjar: Leonard Lura. Viktigaste artiklar: Spisestover i eik og salongbord. Tilsette: 6
Klepp	
26. KLEPP TREVAREFABRIKK 1933–enno i drift, Klepp st. Grunnleggjar: Martin Thu. Viktigaste artiklar som møbelprodusent: Jærstoler, reolar, spisestover. Seinare produksjon av dører og vindauger. Tilsette møbelproduksjon: 8	44. HEGRES MØBLER 1962–1982, Øksnevad. Grunnleggjar: Lars Hegre Viktigaste artiklar: Salongbord, veggseksjonar, stopte møbler. Tilsette: 28
Gjesdal	
41. GJESDAL MØBELFABRIKK 1948– enno i drift, Ålgård. Grunnleggjarar: S. Aase, A. Rødberg. A. Skjæveland og S. Skjæveland. Viktigaste artiklar før 1960: Salongbord, bokreolar og radiobord. Fra 1960 til 1966: Skole- og butikkinnreiingar. Etter 1966: Møbler for baderom. Første produsenten i Europa. Tilsette: 34	Opplysningane om talet på tilsette, gjeld for den tida fabrikkane hadde størst produksjon.